

## **ÅRSMELDING FOR INDRE NORDMØRE FORSVARSFORENING (INF) FOR ÅRET 2021**

Styret har for meldingsåret 2021 hatt slik samansetting: Olav Jostein Holten, leiar, Lars Indreiten, nestleiar, Johs. J. Vaag, sekretær, Halvor Flatekval, kasserar og Ivar Edmund Vatn, styremedlem.

(Olav Jostein Holten, Halvor Flatekval og Ivar Edmund Vatn er på val).

Varamedlemmer: Jo Inge Øverland og Nils Johan Rodal.

Revisor: Jan Gausen.

Valnemnd: Kristian Ellevset, Astrid Sinnes og Per O. Moen.

### **Møteverksemd**

I året er det halde 5 styremøte. Årsmøtet blei halde på Hammerstuene 15.februar 2021. 12 medlemmer av INF var oppmøtt. I etterkant av årsmøtet var det drøfting av aktuelle arbeidsoppgåver for INF. Det var innleiing ved leiaren.

### **Aktivitetar i året**

28. april eller 9. mai skulle INF ha markering i Nåverdalen. Dette opplegget vart stoppa på grunn av smittefare.

8. mai hadde INF 3 markeringar ved god hjelp av orlogskaptein Lars Hønsvik. Veret var ikkje det beste. Markeringane var lagde til Liabø i Heim kommune, Åsskard kyrkje og til slutt ved Stangvik kyrkje. Tidspunkta var gjort kjend på førehand slik at dei næraste pårørande fekk høve til å møte opp. Lars Hønsvik sine innlegg sette ei særskild stemning rundt dei tre markeringane.

5. juni var det dugnad ved Krigsminnesamlinga frå kl. 10 til 16. 5 medlemmar møtte opp og det blei vaska og ordna inne. Denne dagen fekk ein også rydda skikkeleg i uthuset, slik at det no er meir plass der.

10. juni var det eit oppklarande møte med firmaet Byggmakker.

14. juni var det slått rundt huset på Åsen kor Krigsminnesamlinga har tilhald. Samla arbeidstid var 4 timar. 30. juli jobba ein person i 4 timar med fjerning av gras samt raking.

I meldingsåret har dei nye drivarane av Krigsminnesamlinga arrangert Open dag med godt frammøte. Dette lovar godt for drifta av Krigsminnesamlinga framover.

30. august var det studietur. Turen var eit samarbeidsopplegg mellom INF og Nordmøre Brigadeveteranforening. Første programpost var blomsternedlegging på gravene til 23 russiske krigsfangar som døydde på Krogstadøra og Vinjeøra i løpet av siste verdskrigen. Slike opplegg skal samarbeidspartnarane halde fram med i åra framover. Ved stopp på Krogstadøra fekk turdeltakarane grundig orientering om det som skjedde der under okkupasjonen. Betongbunkerane er gravde ned så ein må vere lokalkjent for å finne spor etter tyskarane. Så gjekk turen vidare til Hemnskjela. Her vart vi samla på toppen av kommandobunkeren tyskarane hadde der. Denne bunkeren er gjort om til eit museum. Ein person tilhøyrande kystmusea i Trøndelag / Hitra orienterte. Orienteringa gjekk føre seg både ute og inne. Frå denne plassen hadde tyskarane oversikt over sjøen mot Hitra -Trondheimsleia. Også dei tyske kanonane i eit stort område vart styrde herifrå.

## **Aktivitetsplan for 2022**

Styret i INF vedtok på styremøte 18. oktober 2021 slik aktivitetsplan for 2022:

15.02.22: Årsmøte på Hammerstuene, Surnadalsøra, Møtet startar kl. 13.00.

12.03.22: Skiskytingens Dag på Gravvold i Bæverdalen. Tidsrom frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

28.04.22: Det blir markering i Nåverdalen. Der vil representantar for INF, Romsdal forsvarsforening, Rennebu og Innset historielag samt andre aktuelle aktørar delta.

08.05.22: Markering av 8 mai blir det tatt stilling til på eit seinare tidspunkt. Dette blir eit samarbeid mellom INF og Brigadeveteranforeninga. Styret i INF vil rå til at ein dette året legg markeringane til Aure og området Vinjeøra i Heim kommune.

I løpet av juni måned blir det dugnader og open dag ved Krigsminnesamlinga. Styret vil på eit seinare tidspunkt korne attende til konkret fastsetting av aktuelle datoar for desse aktivitetane.

Ultimo juni 2022: Øramartnaden.

Omvising på Krigsminnesamlinga for elever ved 9. klasse på ungdomsskolen. Det blir følgd same opplegg som for tidlegare år.

Medio desember 2022: Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Nærare informasjon om dette vil korne på eit seinare tidspunkt.

Til hausten blir det lagt opp til eit temamøte, slik det har vore gjort fram til koronaepidemien gjorde sitt inntog.

INF tek sikte på å halde fram samarbeidet med Nordmøre Brigadeveteranforening. Til sommaren blir det lagd opp til ein tur etter same opplegg som tidlegare. Nærare informasjon om turen vil korne seinare.

## **Mørekonferansen**

Det vart bestemt i møte på Hammerstuene 16. desember at ein konferanse om ymse beredskapstiltak skal arrangerast kvart år dei tre første åra framover. Det er dei tre forsvarsforeiningane i Møre og Romsdal i samarbeid med Norges Forsvarsforening som skal stå bak denne konferansen, som har fått namnet Mørekonferansen. Årets konferanse blir halden 5. oktober på Kulturhuset i Surnadal. Opplegget blir i samarbeid med Surnadal kommune. To aktuelle tema har peika seg ut. Desse er hacing og flom / ras. Sjur Fedje vil som før hjelpe oss med utforminga av program.

## **Namneendring**

Det vil bli orientert om at det er planar om å foreta ei namneendring slik at Indre Nordmøre forsvarsforening bli endra til Nordmøre forsvarsforening.

## Oppsummering

Aktiviteten til INF vart også i 2021 prega av koronapandemien. Styret i INF vil takke alle for innsatsen i året som har gått og håper på større aktivitet i 2022.

Olav Jostein Holten  
Leiar



Johs J. Vaag  
sekretær